



Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2769 - 23/41740

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no


Dato:  
01.06.2023

## Søknad om arealoverføring og dispensasjon til handsaming etter jordlova - gbnr 423/16 Marøy

Tiltak: Arealoverføring og dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr 423/16  
Eigar 423/16: Bjørn Morten Marøy  
Eigar 423/25: Arild Marøy Bø og Katrine Marøy Bø

Saka gjeld søknad arealoverføring og dispensasjon frå planformål LNF-spreidd bustad område i kommunedelplan for Radøy. Søknad om dispensasjon vart motteke 30.03.2023.

Formålet med søknaden er å få lagt til eit lite areal på om lag 105m<sup>2</sup> til bustadeigedomen gbnr 423/25.



Arealet er litt for stort til at overføringa kan gjerast etter reglane om grensejustering etter matrikkellova. Arealet er dels teke i bruk til innkøyrsløse til gbnr 423/25.

Gbnr 423/16 er registrert med eit areal på om lag 183 da i matrikkelen.  
Gbnr 423/25 er registrert med eit areal på 1316.7 m<sup>2</sup>. Grensene er ikkje oppmålte.

I NIBIO sitt markslagskart er arealet registrert som bygd areal.

Ber om vedtak om deling etter jordlova §12.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om arealoverføring (side 2)  
Situasjonskart  
Søknad om dispensasjon  
Søknad om løyve til arealoverføring - gbnr 423/16 Marøy

**Mottakarar:**

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG